

Planprogram Regional plan for kultur, oversikt høyringsuttalar

Høyringsfrist 1. desember 2017

Alle mottekne høyringsuttalar er med i oversikta, også dei som kom inn etter fristen.

Høyringsuttalar, samandrag	Motteke	Teke til følgje
<p>1. Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane er samd i at kultur for alle bør vere det overordna mål for planen, og understrekar at dette må følgjast opp i praksis. For ein del av menneska dei representerer, er prinsippet om universell tilgjenge ein føresetnad for i det heile å få tilgang til kulturarrangement. Forbundet peikar vidare på at det er avgjerande med god støtte til frivillig sektor. Tilskotsordningane må kunngjerast godt, og må vere designa slik at ein ikkje treng avansert kunnskap for å bruke dei. Dei eldre aldersgruppene er ofte svært aktive ressurspersonar i sine lokalsamfunn, og gjer stor innsats på mange område innan kulturlivet. Pensjonistane har kunnskapar om t.d. husflids - og arbeidsteknikkar. Pensjonistforbundet nemner òg at det er føreslått å ta bort songundervisning i grunnskulen. Dei meiner dette vil gå ut over den nedarva songtradisjonen, og på sikt vere katastrofalt for det lokale kulturlivet.</p>	21.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei fagsamling om korleis nå målet om kultur for alle og universell utforming.</p>
<p>2. Flora kommune ber om at kystkulturen vert framheva som viktig for identitet og omdøme i regionen, og at samarbeid og samspel med frivillig sektor er ein nøkkel for å nå målet om mangfald og inkludering.</p>	21.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p>
<p>3. Sogn og Fjordane husflidslag uttalar at eit mangfaldig kulturtilbod som er tilgjengeleg for alle er viktig. Dei peikar på at dei overordna måla i planen samsvarer godt med arbeidet som vert gjort i Sogn og Fjordane husflidslag, og gir si tilslutning til både formålet og dei kulturpolitiske måla i høyringsutkastet. Husflidslaget er godt nøgd med utkastet som ligg føre. At ein vert utfordra på ulike område ser dei som positivt og spennande. Bevisstgjerung og rekruttering er viktig for å vidareføre den levande husflidstradisjonen i hobby, utdanning og næring. Opplæring og formidling må drivast på andre arenaer enn dei tradisjonelle for å nå barn og unge. Dei ynskjer å vere ein aktiv og deltakande part i kulturarbeidet over heile fylket, og vonar at dei kan halde fram med det gode samarbeidet dei har med fylkeskommunen.</p>	28.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Frivillige organisasjonar vil bli inviterte til seminar og fagsamlingar i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p>
<p>4. 4H Sogn og Fjordane er nøgd med målformuleringane og tema i planprogrammet. Dei er opptekne av at frivillig sektor og utfordringa med å rekruttere leiarar og tillitsvalde blir vektlagde. Likeeins må fysiske møtestader, som bibliotek, kulturhus, ungdomshus og grendehus og friluftaktivitetar få plass i planen. Styrkt samarbeid og samspel mellom</p>	30.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p>

<p>offentleg sektor, profesjonelle utøvarar og frivillig sektor bør også få merksemd. 4H Sogn og Fjordane er redd for at tradisjonelle metodar for medverknad ikkje engasjerer breitt nok. Faren er at barn og unge og menneske med minoritetsbakgrunn i liten grad vil bli involverte i prosessane. Dei foreslår at ein heller inviterer seg inn på allereie eksisterande arenaer, som samlingar og konferansar i organisasjonane eller offentleg regi framfor å invitere til eigne møte. Likeeins bør ein motivere til offentleg ordsifte om kultur og planen gjennom media.</p>		<p>Frivillige organisasjonar vil bli inviterte til seminar og fagsamlingar i det vidare arbeidet med kulturplanen. Kulturplanarbeidet vil òg vere tema på møte og konferansar som andre enn fylkeskommunen arrangerer. Det er eit mål i planarbeidet å få til debatt om kulturtema i media.</p>
<p>5. Balestrand kunstlag var representert på seminar i Solund den 18.11.17 med temaet «Kunsten og kunstnarane si rolle i samfunnsutviklinga». Deltakarane på seminaret femna om kommunalt tilsette, politikarar, aktive kunstnarar, kunstnarorganisasjonar, kunstnarinstitusjonar og medlemmar i lokale kunstlag og fylkeskunstlaget. 20-25 personar deltok på heile eller delar av seminaret. Balestrand kunstlag ynskjer at innspela som kom fram i seminaret blir brukte i det vidare arbeidet med planprogrammet.</p> <p>I uttalen frå seminaret heiter det at utkast til planprogram har gode omtalar av ulike tema, men at det er ikkje er gjort ei vurdering av problemstillingar og utfordringar det er viktig å prøve å møte gjennom den regionale planen. Seminaret meiner at fylkeskommunen må gjennomføre ein meir deltakande prosess før endeleg vedtak av planprogrammet. For at planen skal bli eit godt verktøy for ein offensiv kunstpolitikk i fylket vil det vere naturleg at ein representant for profesjonelle biletkunstnarar eller kunsthandverkarar får vere med i administrativ styringsgruppe.</p> <p>I tilknytning til målet om gode lokalsamfunn bør ein drøfte kva for samfunnseffektar ein ynskjer at kunsten og kunstnarane skal skape, og kva for rolle kunsten og kunstnarane skal ha i samfunnsutviklinga. Når det gjeld målet om regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn, må ein m.a. diskutere kva som er kjenneteikn på slike fyrtårn, kva for mål dei skal bidra til å nå, og kva for føresetnader som må vere til stades for å få dei til å fungere.</p> <p>Seminaret har innspel på situasjonen i dag, konteksten, som er bidrag til kunnskapsgrunnlaget for kulturplanen. I uttalen blir vidare tre hovudområde handsama: kunstproduksjon, formidling og kunstarenaer/fyrtårn.</p>	<p>30.11.17</p>	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for kunstfeltet.</p>

<p>Under kunstproduksjon er det overordna spørsmålet korleis vi kan skape gode rammevilkår som gjer at fleire kan ha kunst/kunstproduksjon som hovudaktivitet. Det blir m.a. peika på at kunstnarar må kunne sjå ei mogleg karriere ved å bu i fylket, det må etablerast kunstutdanning i eige fylke, vi må skape stimulerande fagmiljø, få fleire møteplassar for kunstnarar, stimulere yngre talent, sjå lokale kunstnarar i eit internasjonalt perspektiv og ha meir midlar til prosjektstøtte/produksjonsmidlar.</p> <p>Seminaret framhevar under punktet formidling behovet for gode utstillingslokale i alle delar av fylket, og at dei store institusjonane må ta hovudansvaret for å formidle eksperimentell kunst. Det vert peika på behovet for fleire møteplassar for profesjonelle kunstuttrykk. Kunsten og kunstnarane må med i samfunnsplanlegginga på eit tidleg stadium, og kunstnarar må involverast i lokal utsmykking gjennom lokalt og regionalt samarbeid.</p> <p>Under punktet kunstarenaer/fyrtårn ynskjer seminaret at ein nyttar kunstinstitusjonar som Kunstmuseet i Førde og Dalsåsen i Fjaler meir i lokalt arbeid kring om i fylket. DKS bør byggast opp som eit verktøy for utvikling av bildande kunst, og dei kommunale kulturskulane utviklast som ein langsiktig strategi for forståing av kunst og utvikling av talent. Det bør vurderast øyremerkte midlar til kulturskulane, og etablerast stipend for unge kunstnarar i fylket. Offentlege rom som sjukeheimar, skular og ferjer kan utviklast som kunstarenaer. Seminaret peikar òg på at det vil vere naturleg å kople saman arbeid med natur og kunst for å utnytte dei særeigne føresetnadane lokalt og i fylket.</p>		
<p>6. Høgskulen på Vestlandet viser til at ifølgje Norsk kulturindeks 2017 plasserer kommunane i Sogn og Fjordane seg på ein 12. plass blant landets fylke i 2016. Fylket ligg høgt på områda frivilligheit, konsertar, DKS og kulturskule, men lenger nede på lista i kategoriane kunstnarar, kino og museum. Kommunane i Hordaland fylke kjem ut på ein 2. plass på årets kulturindeks. Dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane spreier seg over heile skalaen. Førde kjem høgast opp.</p> <p>HVL oppsummerer at Sogn og Fjordane samla sett plasserer seg om lag midt på treet i det nasjonale kulturbiletet. Slik har det vore heile perioden sidan 2010. Internt i fylket synest dei to senterkommunane Førde og Sogndal å styrkje sin kulturelle posisjon. Sogn og Fjordane fylkeskommune har lenge vore blant fylkeskommunane med høgast netto driftsutgifter til</p>	30.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ein konferanse der ein ser nærmare på føresetnader og moglegheiter som kommunane har for betre å utnytte dei kulturelle ressursane dei rår over. Det blir også arrangert ei eiga samling for museumssektoren der ein vil ta opp spørsmåla som HVL nemner.</p>

<p>kultur per innbyggjar. HVL oppmodar om at fylket bør ha som målsetjing å klatre oppover på kulturindeksen til Telemarksforsking.</p> <p>Både kommunesamanslåingar og samanslåing av fylka Sogn og Fjordane og Hordaland grip inn i og set viktige føringar for utviklinga av kulturlivet i den kommande planperioden 2019- 2027. HVL meiner dette så langt ikkje synest å vere reflektert i planprogrammet.</p> <p>HVL seier vidare at dei to hovudtemaa «Kulturelle ressursar og verdiskaping» og «Deltaking og oppleving» peikar ut ei retning for planen, men at det no blir viktig å kome med avklaringar og prioriteringar innanfor temaområda. Dei understrekar at koplinga turisme og kultur burde vere eit aktuelt tema i Sogn og Fjordane, og at møteplassar og særleg folkebiblioteka si rolle i den samanhengen er viktig. Museumsarbeidet bør givast høg prioritet i det fylkeskommunale kulturarbeidet dei neste åra.</p> <p>HVL foreslår at det i løpet av planprosessen kan skipast til eit seminar der ein ser nærmare på føresetnader og moglegheiter som kommunane her har for betre å utnytte dei kulturelle ressursane i omgivnadene. Dei nemner ei rekkje tema der ein i det vidare arbeidet kan trekkje vekslar på kompetanse ved HVL.</p>		
<p>7. Sogn og Fjordane fylkeskunstlag</p> <p>Notatet er ei samanstilling av dei innspela som kom fram på seminaret «Kunsten og kunstnarane si rolle i samfunnsutviklinga» i samband med Lysfestivalen i Solund den 18.11.17. Deltakarane på seminaret femna om kommunalt tilsette, politikarar, aktive kunstnarar, kunstnarorganisasjonar, kunstnarinstitusjonar og medlemmar i lokale kunstlag og fylkeskunstlaget. 20-25 personar deltok på heile eller delar av seminaret. Sjå samandrag under Balestrand kunstlag.</p>	28.11.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for kunstfeltet.</p>
<p>8. Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) var med på seminaret «Kunsten og kunstnarane si rolle i samfunnsutviklinga» samband med Lysfestivalen i Solund den 18.11.17. BKSF stiller seg bak dei fleste punkta i referatet frå seminaret. Sjå samandrag under Balestrand kunstlag.</p>	30.11.17. Nytt dokument motteke 03.12.17. Det er dokumentet 03.12.17 som er lese og oppsummert.	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for kunstfeltet.</p>

<p>BKSF meiner at ordlyden i planprogrammet synest å vere retta mot næringsverksemd og lønsemd, ein instrumentell tankegang. BKSF meiner nemninga "kunst og kultur" må inn oftare i staden for berre "kultur".</p> <p>BKSF viser til referat frå møtet i Regional plan for kultur, administrativ styringsgruppe, 20.06.17, der Jan Heggheim har sagt: "Dei profesjonelle har stort potensial for å vere endringsagentar". BKSF ser det som naturleg at ein representant for profesjonelle biletkunstnarar eller kunsthåndverkarar får vere med i administrativ styringsgruppe for kunst- og kulturplan for Sogn og Fjordane.</p>		
<p>9. Ungdomspolitisk utval meiner at digitalisering og internett i for liten grad blir nemnt i planprogrammet, ikkje minst med tanke på at framtidens BAS-område og framveksten av kunnskapsamfunnet i stor grad vil vere knytte til dette. Kulturaspektet i høve til digitalisering vil også vere interessant å få med (t.d. digitale kulturfyrtårn og digitale møteplassar for kultur).</p> <p>I tillegg synest ungdomspolitisk utval at utfordringane i samband med kunstnartettleiken, museum og kino bør møtast med oppmodingar til nye tilbod, meir sjølvgåande aktivitet og kulturkort for ungdom etter same modell som ungdomskortet.</p> <p>Ungdomspolitisk utval meiner at det vil vere ei positiv utvikling om aktørar innan kultur bruker meir av sin kreativitet som eit verktøy for å auke inntektene sine. Behovet for lærlingplassar bør nemnast i samband med kulturell verdiskaping, kunnskap og kompetanse i planprogrammet. Kan vi skaffe nok lærlingplassar til elevar som har bakgrunn frå praktisk-estetiske fag, kan dette vere med på å auke den kulturelle kompetansen og verdiskapinga i fylket.</p> <p>Utvalet meiner at setninga «Ungdommane er optimistiske; 7 av 10 meiner dei vil få eit godt og lukkeleg liv» (side sju, avsnitt tre) er veldig rart formulert. Blir det rett å påstå at ungdomen er optimistisk når så mange som 30% meiner at dei ikkje vil få eit godt og lukkeleg liv?</p> <p>Ungdomspolitisk utval tykkjer at dei to føreslegne hovudtemaa for planen er gode med tanke på å oppfylle måla.</p>	<p>30.11.17</p>	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Digitalisering vil få større plass i planen.</p> <p>Formuleringa «Ungdommane er optimistiske» er fjerna i planprogrammet.</p>

<p>10. Anne Gullanger Waage oppmodar om fleire arkeologiske undersøkingar og registreringar av kulturhistoriske minne og tradisjonar i kommunane og nye registreringar av bygningar som er over 100 år. I Gulen bør ein undersøke om ein kan finne ut kvar eventuelle marknadsplassar og opphaldsplassar var for dei som deltok på Gulatinget. Waage peikar òg på behovet for å registrere den gamle postvegen frå Bergen til Trondheim. Ho foreslår innsamling og registrering av stadnamn frå stader der dette ikkje er gjort tidlegare, innsamling av gamle ord og uttrykk, mattradisjonar, opplysning om gamle barneleikar, songar, opplysning om gammalt handverk, skikkar frå vogge til grav, fangst, fiske, stølsbruk, jordbruk osv. Kommune og fylke må dekkje utgifter både til innsamling og formidling.</p> <p>Mange landskapsområde i fylket er under press frå m.a. store vindkraftutbyggingar. Enkelte område har fått låge verdiar/konfliktspotensial i Regional plan for vindkraft. Waage meiner at ein del av desse vurderingane må ha kome fram på grunn av manglande innhenting av informasjon. Ein bør sjå på kor viktig det er å ha område som er inngrepsfrie slik at folk kan ha naturområda til rekreasjon, og også for å ta vare på det biologiske mangfaldet.</p> <p>Biblioteka i kommunane bør ha lokalhistorisk litteratur, anna lokal litteratur og oversikt over lokale forfattarar og deira bøker. Dei lokale musea bør få låne frå dei sentrale musea. Dei lokale grendahusa, ungdomshusa, bedehusa og skulane i kommunane bør takast i bruk slik at tilboda kan nå flest muleg. Samarbeid mellom grunneigarar og lokalsamfunnet er viktig.</p>	01.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for museumssektoren der t.d. spørsmål om registrering, formidling og digitalisering vil bli drøfta.</p>
<p>11. Førde kommune ser samla sett planprogrammet som godt. Kommunen peikar på at ein regional plan handlar om involvering og samarbeid. Fylkeskommunen si rolle er å vere regional utviklingsaktør og å skape grunnlag for samarbeid. Metoden er partnerskap der sjølvstendige partar samarbeider om å løyse store utfordringar. Då må ansvarsområde som fylkeskommunen ikkje har ansvar for òg vere ein del av kulturplanen. For Førde kommune gjeld det t.d. kulturskulen, som dei ynskjer å utvikle til eit kulturelt kraftsenter.</p> <p>Kommunen meiner kulturfeltet er godt skildra i planprogrammet, med mål og tema som er gode og relevante. Men kanskje blir dei for generelle og dermed lite handterlege for å kunne lage ein god politikk eller strategi. Kommunen meiner nynorsk må vere ein særleg viktig kultur- og identitetsfaktor og eit nav for kultursatsing i Sogn og Fjordane og det nye vestlandsfylket.</p>	01.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Nynorsk vil få ein sentral plass i planen.</p> <p>Det vil bli invitert til ein konferanse der ein ser nærmare på føresetnader og moglegheiter som kommunane har for betre å utnytte dei kulturelle ressursane dei rår over, m.a. kulturskulane. På konferansen vil det vere viktig å drøfte korleis vi kan</p>

<p>For å nå det overordna målet, «kultur for alle», må fylkeskommunen spele ei endå tydelegare rolle som utviklingsaktør innan kultur. Kommunen peikar på ambisjonen Sogn og Fjordane hadde tidlegare som «kulturfylke nummer ein i landet».</p> <p>Det Førde kommune meiner manglar i planprogrammet er kva utfordringar ein ser føre seg framover på kultursektoren. Kommunen framhevar følgjande utfordringar: Grisgrendt busetnad set krav til samarbeid og til utvikle kulturklynger der det er mogleg. Kulturinstitusjonane må setjast i stand til å konkurrere nasjonalt om avgrensa midlar, til å delta i program og å vere synlege. I den samanheng er det behov for ei kulturavdeling som har krefter til å hjelpe mindre sterke miljø. Kulturfeltet har blitt langt meir mangfaldig, det betyr at ein må kunne prioritere mellom tradisjonell kultur og nye stemmer. Det er behov for innovasjon innan kultursektoren, dette handlar mykje om andre måtar å jobbe på, samarbeid og nettverk. Det er utfordrande å prioritere målgrupper, då vel ein også bort nokre. Regionreforma gir nye utfordringar, men òg moglegheiter. Kanskje bør Sogn og Fjordane ha ambisjon om å spele ei leiande rolle på kulturfeltet i det nye fylket.</p> <p>Førde kommune spelar inn ein argumentasjon om kulturskulen som kulturaktør lånt frå Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kultur:</p> <p><i>Dei kommunale kulturskulane er ein landsomfattande kulturell infrastruktur. Kulturskulane er kommunale, og finansieringa er lokal. Dei tilbyr opplæring i skapande og utøvande kunstformer. Det har ikkje vore mogleg å tilby den etterspurde kompetansen overalt. Av økonomiske årsaker er tilbod om individuell utvikling og talentutvikling redusert, og ein er ikkje er i stand til å gje alle barn som ønskjer det eit kulturskuletilbod.</i></p> <p><i>Fylkeskommunen har i liten grad vore ein part i kulturskulen sitt arbeid. Ein kunne i utgangspunktet tenke seg at fylkeskommunen hadde ei utviklingsrolle, tilsvarande den lovpålagte rolla fylkeskommunen har på bibliotekfeltet. Dette kunne gitt kulturskulen eit sterkare koordinerande og utviklande ledd på regionalt nivå. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane om kulturskulane kan styrke regional utvikling og medverke til kompetanseutvikling, m.a. utvikling av talentprogram og tettare samarbeid med DKS og Ungdommens Kulturmønstring (UKM).</i></p>		<p>møte utfordringane som Førde kommune peikar på.</p>
---	--	--

<p>12. Norske kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN) uttalar at planprogrammet tek for seg viktige tema, men meiner det er for generelt og manglar skildring av konkrete problemstillingar, aktørar, målsettingar og tiltak som bør gjennomførast.</p> <p>NKVN foreslår å styrkje kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane. Dei vil betre moglegheitene for utvikling av kulturell næring, leggje til rette for gode produksjonsvilkår og utviklingsmoglegheiter for kunstnarar innanfor ulike fagfelt, skape møtepunkt for fagmiljø og publikum og utvikle gode støtteordningar for kunstnarar. Vidare vil NKVN at ein skal jobbe for etablering av fleire visningsstader og sikre økonomisk grunnlag for eksisterande ordningar og fyrstårn i fylket. Dei vil få på plass ei ordning for kunst i det offentlege rom og sikre bruk av kunstfagleg kompetanse i alle offentlige prosjekt. Ein bør ha fokus på kunst og kultur i opplæringsløpet til barn og unge. Døme kan være styrkt DKS, museumsbesøk, samfunnsaktuelle utstillingar m.m. NKVN foreslår å etablere gode felles digitale plattformer for formidling av kunst og kultur. Dei ynskjer òg at det vert etablert utleigebustader eller verkstader (residencies) for norske og utanlandske kunstnarar til kortare opphald. NKVN framhevar at kulturskuletilboda må vidareutviklast.</p> <p>NKVN saknar ein meir presis definisjon av omgrepet kulturfyrtårn og ein meir konkret plan for korleis eit kulturfyrtårn skal kunne fungere. Eit naturleg fyrstårn ville vere kunstsenteret både som formidlingsstad og ein arena for å møte kunst og kunstnarar. NKVN meiner dette for tida ikkje er i funksjon då det er innbakt i kunstmuseet kor det ikkje er synleg og funksjonelt. Kunstsenteret kan òg eit naturleg senter for kunst i det offentlege rom, som eit ressurs- og kompetansesenter for hele regionen.</p> <p>NKVN meiner at ein representant fra NKVN (Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge) og/eller BKSF (Billedkunstnere i Sogn og Fjordane) burde vere med i administrativ styringsgruppe.</p>	01.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for kunstfeltet.</p>
<p>13. Sogn og Fjordane ungdomslag framhevar at fylkeskommunen er flink til å trekkje fram kulturen i offentlig ordskifte. De ser det som viktig at nynorsk har ein sentral plass i planprogrammet, og er positiv til medverknadsprosessen det er lagt opp til.</p> <p>Sogn og Fjordane ungdomslag meiner at vi må ta vare på tradisjonar og ein desentralisert struktur. Lokale kulturbygg vert framheva som viktige for eit aktivt kulturtilbod i kommunane. Dei organisasjonseigde kulturbygga er levande kulturarenaer, i stor grad finansierte med</p>	01.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Nynorsk vil få ein sentral plass i planen.</p>

<p>frivillig innsats. Kulturplanen må leggje til rette for vidareutvikling av kulturbygga. Sogn og Fjordane ungdomslag understrekar at planen må verdsetje at kultur og kulturarbeid har eigenvekt.</p>		<p>Lokale kulturbygg vil bli handsama i planen som kulturelle ressursar i kommunane.</p>
<p>14. Trond Sundby peikar på at sjølv om dei fleste vel kan vere samde om utsegna "aktiv bruk er det beste vern", er det ofte vanskeleg å få til grunna regelverk og manglande økonomiske rammer. Det er mange frivillige som gjer ein stor innsats med å vøle verneverdige båtar, og Sundby framhevar at vi òg har det vi kan kalla fyrtårn av veteranbåtar med ei rik historie i fylket, m.a. Arnefjord og Stavenes. Sundby meiner det bør vere eit mål å få dei i aktiv bruk på Sognefjorden. Det vert arbeidd med eit prosjekt i regi av Norsk reiselivsmuseum i Balestrand for å få Stavenes plassert der som ein aktiv del av museet. Han oppmodar om at fylkeskommunen vert ein medspelar her saman med reiselivet.</p>	<p>01.12.17</p>	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p>
<p>15. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) meiner at planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med kulturplanen, og er nøgd med at planprogrammet løftar fram dei positive ringverknadane av kulturfeltet, t.d. helsefordelar, utvikling av lokalsamfunn, næringsutvikling, inkludering, oppvekst og læring. Dei tolkar samstundes planprogrammet til å vere tydeleg på at kulturen har ein eigenverdi, og må drivast og utviklast på eigne premissar.</p> <p>MiSF er i gang med ein omfattande strategiprosess. Blant strategimåla er auka digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane, formidlingsaktivitetar og opplevingar som skal vere relevante og givande for befolkninga. MiSF er òg oppteken av styrkt innsats på forskning og kunnskapsutvikling. Dei ynskjer å halde styringsgruppa for kulturplanen orientert om dette arbeidet gjennom jamleg kontakt.</p> <p>MiSF stiller seg bak det overordna målet for kulturplanen om at kultur er for alle, og vil jobbe aktivt for å vere ein inkluderande kulturaktør. Gjennom gode møteplassar kan musea bidra til å skape nye meiningsfellesskap.</p> <p>MiSF er i hovudsak nøgde med høyringsutkastet, men meiner det er nokre område som må adresserast tydelegare. Det første gjeld regionreforma, som saman med dei varsla kommunesamanslåingane svekker tryggleika ikkje berre for MiSF, men òg for andre kulturaktørar. I den gjeldande intensjonsavtalen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar står det ingenting om museumspolitikk eller inntektsmodellar for musea. For</p>	<p>01.12.17</p>	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei eiga fagsamling for museumssektoren der m.a. spørsmål om regionreforma og kommunesamanslåingane, armlengdesprinsippet og digitalisering vil vere tema.</p>

<p>ein institusjon som får ein tredel av tilskota frå fylkeskommune og kommunane, skapar dette uvisse om dei rammevilkåra vi har i framtida.</p> <p>MiSF minner også om armlengdeprinsippet som gjeldt for kulturpolitikken. Dette prinsippet har vært stadfesta i fleire meldingar, og slår m.a. fast at «museene skal ha en faglig fri stilling som gir handlingsrom for å stille kritiske spørsmål vedrørende både fortid og nåtid. Dette forutsetter armlengdes avstand til eiere og offentlige myndigheter»</p> <p>MiSF understrekar at musea ynskjer å ha god dialog med administrativ styringsgruppe og å delta på kontakt- og dialogmøta og i høyringsrundane. Dei ser det òg som ein fordel om musea vert inviterte med i ei eller fleire av dei arbeidsgruppene som vert omtalte i planprogrammet.</p>		
<p>16. Sognefjorden kystpark har til formål å koordinere og utvikle eit langsiktig samarbeid for å ivareta, skape verdiar av og formidle natur- og kulturverdiane rundt Ytre Sognefjorden. I arbeidet med kulturplanen meiner kystparken at det er viktig å styrkje og vidareføre økonomiske ordningar for samarbeid og nettverk. Det må satsast meir på faglege samarbeid mellom lokale kulturinstitusjonar og skular og barnehagar for at fleire kan få delta i formidlinga av eiga og felles kulturhistorie. Når ein involverer barn og unge, involverer ein samstundes heile lokalsamfunnet. Skulen i Hyllestad og deira samarbeid med Kvernsteinsparken er eit godt døme. Det bør òg leggest til rette for meir samarbeid mellom kunstnarar og kulturaktørar når det gjeld formidling av attraksjonar og kulturhistorie.</p> <p>Planen må ta omsyn til at naturarven og naturressursane (geologien, landskapet, plante- og dyrelivet) er sjølvne grunnlaget og føresetnad for mykje av den kulturelle verksemda. Sognefjorden kystpark peikar på Utvær fyr, Gulatinget, Kvernsteinsenteret, Dalsåsen kunstnarsenter, Teaterfestivalen i Fjaler, Losnaspelet og Lysfestivalen i Solund om døme på kulturelle fyrtårn.</p>	02.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Planen vil leggje til grunn eit breitt kulturomgrep, der ein også ser på koplinga natur og kultur, og der friluftsliv er ein del.</p>
<p>17. Nynorsk kultursentrum peikar på at utsegna i planprogrammet om at ulikskap er ein ressurs er problematisk, og må nyanserast.</p> <p>I uttalen vert det nemnt opp fleire internasjonale og nasjonale føringar som bør nemnast i planprogrammet.</p>	03.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Utsegna om at ulikskap er ein ressurs er omformulert.</p>

<p>I samband med regionreforma vonar Nynorsk kultursentrum at den språkpolitiske praksis som har prega Sogn og Fjordane i hundre år, veg tungt i bagasjen. Det bør vere eit uttalt mål at det nye fylket skal bli ein av dei fremste aktørane i regional norsk språkpolitikk.</p> <p>Nynorsk kultursentrum peikar på at det bør inn meir om språk under kapittelet om status i planprogrammet, og viser til <i>Språkfakta om Sogn og Fjordane</i> frå 2012. Det blir understreka at Nynorskfylket er ein viktig arena for å fremje bruken av nynorsk.</p> <p>Nynorsk kultursentrum rår til at særleg to emne blir følgde opp i samband med nynorsksatsinga: digital kvardag, og barn og unge. Fylkeskommunen har som skuleeigar ei marknadsrett og eit ansvar som bør utøvast i samsvar med dei overordna kulturpolitiske måla. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør ta initiativ til å få fram fleire digitale tilbod på nynorsk. Når det gjeld kultursatsing for barn og unge, bør språk og litteratur inn i endå større grad. Fylkeskommunen har vore med i mange leseaksjonar, og dette arbeidet bør halde fram og systematiserast meir i planperioden. Nynorsk kultursentrum bidreg gjerne i dette.</p>		<p>Dei internasjonale og nasjonale føringar som er lista opp i uttalen er i hovudsak inkluderte i planprogrammet. Språk har fått ein større plass i oppsummeringa av status.</p> <p>Nynorsk vil få ein sentral plass i planen. Det vil òg digitalisering og barn og unge.</p>
<p>18. Norsk kulturskuleråd Sogn og Fjordane vil ha fokus på kulturell aktivitet kontra oppleving, fokus på den kulturelle grunnmuren og fokus på fordjuping.</p> <p>Kulturskulerådet siterer frå s. 83, pkt 6, i Hordaland sin kulturplan: <i>Mål:</i> <i>Vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk.</i></p> <p><i>Dei kommunale kulturskulane er ein landsomfattande kulturell infrastruktur. Kulturskulane er kommunale, og finansieringa er lokal. Dei tilbyr opplæring i skapande og utøvande kunstformer. Det har ikkje vore mogleg å tilby den etterspurde kompetansen overalt. Av økonomiske årsaker er tilbod om individuell utvikling og talentutvikling redusert, og ein er ikkje er i stand til å gje alle barn som ønskjer det eit kulturskuletilbod.</i></p> <p><i>Fylkeskommunen har i liten grad vore ein part i kulturskulen sitt arbeid. Ein kunne i utgangspunktet tenke seg at fylkeskommunen hadde ei utviklingsrolle, tilsvarande den</i></p>	<p>04.12.17</p>	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ein konferanse der ein ser nærmare på føresetnader og moglegheiter som kommunane har for betre å utnytte dei kulturelle ressursane dei rår over, m.a. kulturskulane.</p>

<p><i>lovpålagte rolla fylkeskommunen har på bibliotekfeltet. Dette kunne gitt kulturskulen eit sterkare koordinerande og utviklande ledd på regionalt nivå. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane om kulturskulane kan styrke regional utvikling og medverke til kompetanseutvikling, m.a. utvikling av talentprogram og tettare samarbeid med DKS og Ungdommens Kulturmonstring (UKM).</i></p>		
<p>19. Fylkesrådet for eldre seier i sin uttale at det er viktig med medverknad i planarbeidet, der frivillige og brukarane vert involverte. Det bør vere samarbeid med institusjonane i samband med planlegging og gjennomføring av kulturtiltak, spesielt med helse- og omsorgsinstitusjonar.</p> <p>Planarbeidet bør sjåast i samanheng med den regionale planen for folkehelse. Det er viktig å bygge opp og å støtte opp under ulike kulturarenaer og møteplassar rundt om i fylket. Det er bra at biblioteka er nemnde i denne samanhengen, sidan dette er møteplassar i alle kommunane og for alle alders- og brukargrupper.</p> <p>Den kulturelle spaserstokken er ikkje teke med under oversikta for dei nasjonale føringane, men fylkesrådet reknar med at dette er ei ordning som held fram.</p>	05.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei fagsamling om korleis nå målet om kultur for alle m.a. om universell utforming.</p> <p>Den kulturelle spaserstokken vil bli omtalt i planen.</p>
<p>20. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne peikar på at Regional plan for kultur er ein plan som skal gje kultur for alle. Det er viktig at planarbeidet sikrar universell utforming, og tilgang til kultur for alle menneske.</p> <p>Fylkesrådet ynskjer at brukarorganisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne skal involverast i planarbeidet.</p>	05.12.17	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Det vil bli invitert til ei fagsamling om korleis nå målet om kultur for alle, m.a. om universell utforming.</p>
<p>21. Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane syner til at Regional plan for kultur i Hordaland tek opp i seg langt fleire tema enn planprogram for Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane legg opp til. Skal Sogn og Fjordane sin kulturplan femne om tema frå andre regionale planar som skal fasast ut, må dette vise att i planprogrammet. Kulturomgrepet bør inkludere fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett. Det må tydeleggjerast korleis ein vel å ta inn tema som kulturarv og naturarv, fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse i planprogrammet. Forumet meiner at kulturplanen må leggje til grunn at naturarven er ein del av kulturarven.</p> <p>Forumet nemner ei rekkje nasjonale føringar som bør vise att i planprogrammet viss ein skal inkludere naturarv, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i planen. Dei framhevar vidare festivalar</p>	07.12.17 Nytt dokument 08.12.17. Det er dokumentet 08.12.17 som er lese og oppsummert.	<p>Innspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med kulturplanen.</p> <p>Planen vil leggje til grunn eit breitt kulturomgrep, der ein også ser på koplinga natur og kultur, og der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein del.</p>

<p>i fylket tufta på naturbruk og friluftsliv: Fjellsportfestivalen i Sogndal, Highcamp i Luster, Brefestivalen i Luster, Våt moro i Florø, Folvenfestivalen (sykkel) i Stryn, Strynefestivalen (ski), Friluftsfestivalen i Hyen, Topptursymposium Vatnahalsen i Aurland, Vandrefestivalen i Aurlandsdalen, Nasjonalparkfestivalen under Storen, Vetti og Årdal, Fiskefestivalar i Jølster og Luster. Desse med på å sikre stadattraktivitet og –identitet, og bør og reknast inn som kulturinstitusjonar og merkevare nasjonalt, regionalt og lokalt.</p> <p>Landskapet i fylket har vore nytta gjennom tidene frå fjord, fjøre til fjell og er såleis mest alt kulturlandskap. Friluftslivet kan sjåast på som ein vidareføring av eldre tradisjonar med å vera ute og vidarefører mykje kunnskap om å ferdast ute, i ulike landskap og terreng på ein trygg måte og om korleis ein kan hauste av naturen. Skjøtsel av tradisjonelt haustingslandskap og rydding av ferdslivegar og stiar er også viktig for friluftslivet og ferdsel i naturen. Ny teknologi gjev nye og gode høve for formidling av både natur- og kulturverdiar til dei som ferdast ute.</p> <p>Representantar for alle aktuelle tema bør inviterast inn til innspelsmøte til planarbeidet.</p>		<p>Det vil bli invitert til innspelsmøte og eigne fagmøte/-samlingar med aktuelle organisasjonar for å sikre medverknad gjennom prosessen.</p>
--	--	--